

Innbyding til KM I BORDTENNIS 2016 FOR MØRE OG ROMSDAL

Honndølshallen - Grodås
17.-18. desember



Til alle bordtennisklubbar i Møre og Romsdal

Volda og Ørsta bordtennisklubb har hermed den store glede av å invitere til KM i bordtennis for Møre og Romsdal. Det er andre gongen klubben står som arrangør av KM, første gong var i Ørsta i 2010. Eit artig poeng no er at er første gong det vert arrangert eit KM for Møre og Romsdal i Sogn og Fjordane.

Vi skal gjere vårt ytterste for at alle deltakarar skal få ei spanande, utfordrande og triveleg helg hos oss. For at ikkje tidsskjemaet skal få eit unødig press på seg, er KM denne gong lagt til to dagar.

Bord: Cornllieau 540 og 740

Ballar: XuShaofa, 40+

Stad: Honndølshallen, Grodås i Hornindal, om lag 30 minutt med bil frå Volda retning Stryn

Tid: Laurdag 17. desember og søndag 18. desember 2016

Spelestart: Laurdag kl. 11:00 og søndag kl. 09:00.

Opningstider: Hallen vil opne 1,5 time før kampstart:

laurdag kl 09:30

søndag kl 07:30

Speleform: Alle kampar vil bli spelt best av fem sett til 11

Seeding: Klubbseeding og styrkeseeding basert på NBTF`s rankinglister per 1. desember.

Det er kun styrkeseeding i klassar frå 13-årsklassane og oppover

Dømming: Alle som dømmer kampar, får eit gåvekort på 5 kroner per dømte kamp som kan brukast i kiosken

Påmelding: Må sendast seinast i løpet av 8. desember til Tjalve Sørheim tjasoer@online.no

Startkontingent: Må betalast inn til vår konto innan påmeldingsfristen 8. desember. Hugs at det er dobbel startkontingent om du melder deg på for seint.

Kontonummer: Volda og Ørsta bordtennisklubb 3991.08.43463

Deltakarlister: Oppdaterte deltakarlister vil bli publisert på vår Facebookside etter kvart som påmeldingane blir mottekne. Finn du feil, ver vennleg å sende ein e-post til Tjalve Sørheim tjasoer@online.no

Trekning:

Dei respektive klassane vert trekte 30 minuttar før klassen startar.

Frammøte: Seinast 45 minuttar før klassestart. Hugs å melde frå i sekretariatet når du kjem.

Ved for sein påmelding: Spelarar som melder seg på etter at påmeldingsfristen er ute, kan få delta mot å betale dobbel startkontingent. Påmeldinga må i så fall vere oss i hende og startkontingenten betalt seinast i løpet av kl. 24:00 14. desember
Double: Prisen for deltaking i double er oppgitt per par

Turneringsleiar: Rolf Driveklepp (tlf. 98 28 78 28)

Turneringsleiing: Rolf Driveklepp, Tjalve Sørheim (tlf 97 95 08 95)

Overdommar: Finn Harry Sjøholt

Kiosk: Der er kiosk i tilknytning til hallen som er open under heile stemnet. Der blir servert varm mat begge dagar.

Dømming: Alle spelarar som tapar ein kamp, må dømme neste. Vil du dømme fleire kampar, vil du få eit gåvekort på kr 5,- som du kan kjøpe varer for i kiosken.

Kolonialbutikker/bensinstasjon: Der finns to kolonialbutikker (ope laurdag) og ein bensinstasjon (ope laurdag og søndag) i gå avstand til hallen

Spelarlisens til Norges Bordtennisforbund: Stemnet er underlagt NBTF`s reglement. Vi viser spesielt til konkurransereglementet pkt. 1.7 om spelarlisens. Alle spelarar fødte i 2014 eller tidlegare skal ha gyldig lisens ved stemnestart.

NIF`s dopingreglar: For ordens skuld gjer vi merksam på at arrangementet er underlagt NIFs dopings reglar.

Klassar med færre deltakarar enn fire: Arrangøren kan stryke klassar med mindre enn fire påmelde deltakarar. Skjer dette, vil startkontingenten bli tilbakebetalt.

Krav om deltaking: Alle klassar er opne for alle spelarar som er medlemmar i ein bordtennisklubb i Møre og Romsdal, uavhengig av nasjonalitet

Puljespel: I alle singleklassar der det er puljespel, spelast det puljer med tre deltakarar, der dei to beste går vidare til sluttspel. Kan ikkje deltakartalet delast på tre, vil ei eller fleire puljar bli spelt med fire deltakarar.

Cupspel: Klassar som vert spelte som cup etter utslagsmetoden er merka i oversikta over klasseinndelingane.

Påmeldingsrestriksjonar: Kvar spelar kan delta i maksimalt tre singleklassar per turneringsdag i tillegg til double.

Poenggrenser Herrar C og Herrar D: For å kunne vere kvalifisert for deltaking i Herrar D kan ein spelar per 1. desember har ha maksimalt 1599 rankingpoeng. For Herrar C er det tilsvarande talet 1899. Spelarar som før 1. desember er innanfor grensa, men overstig denne etter 1. desember, vil bli strokne, og startkontingenten tilbakebetalt. Det er høve for jenter/damer å delta i gute-og herreklassane, men dei kan likeins som herrane/gutane maksimalt delta i tre singleklassar per turneringsdag, i tillegg til double.

Premiering: Etter NBTF`s reglement. I alle meisterskapsklassar vert det delt ut medaljar til spelarar på første, andre og tredje plass, i tillegg til pokal med inngraving til vinnarane i kvar klasse. Det vert ikkje spelt om tredje plassen i kvar klasse, men delt ut to tredje-premiar om deltakartalet er fire eller fleire i den respektive klassen. Offisielle klassar er kryssa av i med bokstaven x i parentes bak kvar klasse i innbydinga. I øvrige klassar vil der vere gåvepremiar NB! Alle deltakarar i 11-årsklassane får deltakarpremie.

Premieutdeling: Det blir halde premieutdeling fire gongar i løpet av turneringa, to gongar kvar dag, ein gong midt på dagen og ein gong etter speleslutt. Vi ber spelarane om å respektere speleforbodet medan premieutdelingane pågår.

Overnatting:

Hotell i Ørsta, Volda og Hornindal (Spør om bordtennispris for å få spesialpris)

Hotell Ivar Aasen

Parkvegen 9, 6150 Ørsta

Telefon: 70 04 51 00

Web: hotellivaraasen.no

Volda Turisthotell

Skjervavegen 17

6100 Volda

Telefon: 70 07 70 50

First Hotel Räftevold (i gangavstand frå hallen - 5 min)

Grodås

6763 Hornindal

Telefon: 57 87 99 99

Overnatting:

NB! Tidsskjemaet er ikkje absolutt. Vert klassar strokne, eller der blir fleire deltakarar i enkelte klassar enn planlagt, vil der blir endringar i tidsskjemaet.

Klassar

Tid	Klasseinndeling laurdag	Prisar deltakar/klasse	Klasseinndeling sundag	Prisar deltakar/klasse
	Kl 11:00 Herrar double (x cup)	Kr150	Kl 09:00 Gutar double 15 (x cup)	Kr100
	Kl 11:00 Damer double (x cup)	Kr150	Kl 09:00 Jenter double 15 (x cup)	Kr100
	Kl 11:00 Gutar 11 (x pulje)	Kr100	Kl 09:00 Herrar veteran double 35 (x cup)	Kr150
	Kl 11:00 Jenter 11 (x pulje)	Kr100	Kl 11:00 Herrar junior single (x pulje)	Kr110
	Kl 13:30 Herrar single (x pulje)	Kr140	Kl 11:00 Herrar veteran 35 (x pulje)	Kr140
	Kl 13:30 Damer single (x cup)	Kr140	Kl 13:00 Gutar 15 (x pulje)	Kr100
	Kl 15:30 Herrar eldre junior single (x pulje)	Kr130	Kl 15:00 Gutar 13 (x pulje)	Kr100
	Kl 15:30 Jenter 15 (x pulje)	Kr100	Kl 15:00 Jenter 13 (x pulje)	Kr100
	15:30 Herrar C (x cup - maks 1899)	Kr140	Kl 15:00 Herrar D (x cup- maks1599)	Kr140

Prisen for deltaking i double er oppgitt per par

Hjartelig velkomne til flotte bordtennis dagar på Grodås!

Med sportsleg helsing frå

Volda og Ørsta bordtennisklubb

Tjalve Sørheim